

Medlemene i fylkestinget

## Møte i fylkestinget 26.august 2016.

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til møte i fylkestinget:

### 26.august kl. 10.00 på Fylkeshuset, Leikanger

I samsvar med dette og i medhald av Kommunelova av 25.september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføreren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: [svein.hagard@sfj.no](mailto:svein.hagard@sfj.no), med kopi til [merete.husabo.nornes@sfj.no](mailto:merete.husabo.nornes@sfj.no). Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføreren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte fredag 26.august 2016. Eg legg til grunn at tingsete vert avslutta same dag.


Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn de i «Arbeidsvilkår for folkevalde» på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – under «Folkevald styring». Kap. 6 lyder:

*Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingsmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise.*

Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg til sakene som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida - [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Med helsing



Jenny Følling  
fylkesordfører

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Mottakar (ar)  
Medlemene i fylkestinget

Kopi til:  
Paal Fosdal, FRM